



Seim Vvs
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1325 - 20/3313

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
03.02.2020

Miljøsak GBNR 424/222 Bø - Minireinseanlegg - utsleppsløyve - godkjenning

Administrativt vedtak: **Saknr: 131/20**

Byggestad: Gbnr: 424/222
Tiltakshavar: Geir Taule
Ansvarleg søkjar: Seim Vvs
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

Vedtak:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for minireinseanlegg på gbnr. 424/222 på følgjande vilkår:

1. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert typegodkjent minireinseanlegg i reinseklasse A. Restutsleppet frå minireinseanlegget skal førast i tett leidning til terreng som omsøkt og vist på kart.
2. Utsleppet frå eigedomen vert gift for 20 pe.
3. Det skal til ein kvar tid liggja føre gyldig serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget.
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensning av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.
5. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

6. Tiltaket er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.
7. Om anlegget er avhengig av at det må tømmast for slam med jamne mellomrom, må avstand til plass med moglegeheit for parkering av tømmebil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til tømmebil (ikkje overstig 8 meter).
8. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for avløpsanlegget må det liggje føre stadfesting frå montør, serviceavtale for drift og vedlikehald og koordinatar for plassering av anlegget.

Saka gjeld

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for minireinseanlegg på gbnr. 424/222. I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal reinsast i kjemisk minireinseanlegg av typen Biovac FD20N før utsleppet vert ført vidare til terreng.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 20 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 09.12.2019 og supplert 17.01.2020.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Bøvågen næringspark, planid.: 12602014000100 er definert som areal for kombinert byggje- og anleggsformål.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Uttale frå anna styresmakt

Alver kommune har vurdert om saka må sendast på høyring og finn at det ikkje er særlege forhold i denne saka som inneber at saka må sendast på høyring.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart vedlagt søknaden.

Reinseløysing

Utsleppet skal reinsast i kjemisk reinseanlegg av typen Biovac FD20N. Anlegget er godkjend etter NS-EN 12566-3. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt og normalt område med brukarinteresser, jf. forureiningsforskrifta § 12-8.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-13 2. ledd.